


Opheim Anita

Fra: anne britt sørhaug [jaesoer@online.no]
Sendt: 23. juni 2006 16:38
Til: Opheim Anita
Emne: DET KONGELIGE HELSE

DET KONGELIGE HELSE – OG OMSORGSDEPARTEMENT



Innspel til Nasjonal Helseplan (2007 – 2010)

Viser til hyggeleg, kort telefonsamtale med Anita Oppheim !

Vi ser det positive i at Nasjonal Helseplan kjem ut til høyring, også i kommunane, men vil påpeike den svært korte høyringsfristen.

Denne plana kom til Vågsøy kommune 28.05 – 06 og tidsramma for svarfrist er sett til 23.06 – 06

I det kommunale møteprogram er dette ein ” håplus ” kort tidsfrist for å kome med lokale innspel til denne viktige helseplana !

I vårt lokale miljø i Nordfjord er sjukehuset Nordfjordeid ein ev dei grunnleggande faktorar når det gjeld tryggleik for liv og helse.

Del 4 (kap 10 tom 14) omhandlar Lokalsjukehus.

Som folkevalde meiner vi at innhaldet i lokalsjukehuset vårt er noko av det viktigaste i Nasjonal Helseplan.

Spredt busetjing, lange avstandar, fjordar og ferjer gjær at lokal-sjukehuset på Nordfjordeid faktisk er det aller viktigaste for tryggleik, trivsel og positive livsfunksjonar i distriktet her.

Når ein då tek med at kystbygdene rundt Stad-landet er eit av dei mest verharde område i landet vårt, er det lett å skjønne at det kan vere lange uversbolkar der helikopteret må stå på bakken

Det er difor viktig å peike på at sjukehuset på Nordfjordeid må få attende akuttfunksjon / blautkiugi. Innbygarane i Nordfjord finn det meiningslaust å reise forbi eit velfungerande sjukehus og heilt til Førde for td. å ta ein enkel blindtarm. Når dette gjeld barn fører det til at foreldre må ta fri frå arbeid og overnatte i Førde for å vere hos barna. Dette er ikkje til pasientane sitt beste.

Ved sjukehuset i Nordfjord er også ei fram i frå Fødeavdeling som har det beste omdøme, Eit godt døme på noko som fungerer slik det skal, og som ein sjølv sagt forventar må stå fast i Nasjonal Helseplan.

Frå fagleg hald er det peika på det negative ved den klinikkorganiseringa som Helse Førde har praktisert, for lokalsjukehusa er dette feil bruk av ressursar, og kostar langt meir enn ein får att.

Ei konsekvensanalyse omkring drifta av lokalsjukehusa i Sogn og Fjordane må gjennomførast.

Viser og til rapport frå arbeidstilsynet av jan. 2006 som omhandlar tilhøva ma. ved Nordfjord sjukehus.

Det må også vere relevant å vise til høyrings-svar frå fylkeslege Petter Øgar i Sogn og Fordane, som der seier at det finnst ikkje truverdige og realistiske svar på korleis lokalsjukehusa skal sikrast ein vidare føremålsteneleg eksistens.

Vi minner til slutt om lovnadane frå valkampen, der noverande regjering lovde at ingen sjukehus skulle leggast ned av økonomiske grunnar.

Ein slik lovnad krev at lokalsjukehusa må ha eit innald som kan hjelpe i akutte og livs-viktige situasjonar, der tid og avstand er avgjærande.

Vi har tillit til at våre folkevalde på Stortinget tek avgjerder som sikrar lokalsjukehusa våre eit livsviktig beredskap med dei funksjonar vi her nemner.

Måløy 23.06 –06

Med helsing Vågsøy Senterparti v/ Styret

Marit Nore Sørhaug (leiar)